

Møteprotokoll

Utval: Volda kontrollutval
Møtestad: Volda rådhus - Voldsfjorden
Dato: 06.05.2021
Tid: Kl. 13:00 – 15:30

Medlemmar som møtte

Inger Gjengedal Håvik
Jørgen Holte
Pål Ruben Seljeset
Tomasgard
Solfrid Oline Førde

Representerer

Funksjon

medlem
medlem
medlem

leiar

Forfall

Inge Aleksander Bruheim
Inghild Remøy
Ragnhild Folkestad

Representerer

Varamedlem

Innkalla vara møtte ikkje.
Anne Helen Sundalsfoll
Ikkje meldt avbod

Representerer

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
19/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/210
20/21	Godkjenning av protokoll	21/210
21/21	Skriv og meldingar	21/210
22/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/210
23/21	Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2020	21/211
24/21	Kommunerekneskapen med årsmelding 2020 - Volda	21/215
25/21	Vedtaksoppfølging	21/210
26/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/210

Stad, 12.05.2021

Solfrid Oline Førde

19/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Behandling:

Innkallinga og saklista er grei. Det kome fram feil på møteportalen med saksnr. m.m. Den omståtte feilen har vi ikkje forklaring på.

Sekretariatet vil jobbe med å finne ut av problemet.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

20/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.03.2021.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå møtet 24.03.2021.

21/21 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
06/21	FKT - Fagkonferanse 1-2. juni 2021 - Digital
07/21	Frå bladet kommunal økonomi, april 2021 "Økonomisk kriminalitet"
08/21	Årsmelding 2020 Pasient- og brukerombudet i Møre og Romsdal

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

22/21 Gjennomgang av møteprotokollar

Vedtak:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

23/21 Revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon 2020

Vedtak:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2020.

Behandling:

Oppdragsansvarelg revisor Halldis Moltu orienterte, bl.a. med utgangspunkt, i B--dokument. Det vart ikkje kome inn på tilhøve som gav grunnlag for å lukke møtet.

Dagleg leiar si tilråding:

Ut frå dei opplysningane som er mottekne og kjende, har Kontrollutvalet ikkje merknader til revisjonen sitt arbeid med finansiell revisjon for revisjonsåret 2020.

24/21 Kommunerekneskapen med årsmelding 2020 - Volda

Vedtak:

Kontrollutvalet legg fram slik uttale til kommunestyret

1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 15.04.2021.

2 Kontrollutvalet meiner at kommunen sin årsrekneskap kan godkjennast.

Årsrekneskapen viser:

- netto driftsresultat (overskot) på kr 21 643 391. Det utgjer 2,6 % av brutto driftsinntekter som er over tilrådd minimum på 1,75%.

- Netto lånegjerd i % av brutto driftsinntekter utgjør 133 tilrådd minimum 120.
- Disposisjonsfond er 55 mill. som utgjør 6,1% av brutto driftsinntektet i forhold til rådd minimum på 5%.
- Rekneskapen er sett saman av: balanse per 31.12.2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift, oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar og notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp.

3 Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.

4 Kontrollutvalet viser til Kommuneleva § 14-4 som seier at eit budsjett skal vere realistisk. Investeringsrekneskapen viser store avvik i forhold til budsjettet.

Behandling:

Kommunedirektør Rune Sjørgard og økonomisjef Kari Mette Sundgot gjorde ei svært informerende orientering og svara på spørsmål. Økonomisjefen gjekk spesielt inn på tilhøve i årsrekneskapen og årsmeldinga. Kommunedirektøren orienterte særskilt vedkomande Internkontrollsystemet. Kommunen nyttar kvalitetssystemet Conmpilo og rapporteringssystemet Framsikt (for gjennomføring av systematisk kontrollverksemd i heile organisasjonen).

Det var brukt PowerPolint framvising i orienteringa. Denne vil bli tilgjengeleg for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet merka at svært mange av budsjetterte investeringsprosjekt ikkje var gjennomførte. Utvalet var difor samde om eit nytt pkt 4 som lyder: 4 Kontrollutvalet viser til Kommuneleva § 14-4 som viser at eit budsjett skal vere realistisk. Investeringsrekneskapen viser samla budsjetterte og rebudsjetterte investeringar der svært mange prosjekt ikkje er gjennomførte. Investeringsbudsjettet skal vere realistisk og muleg å gjennomføre. Kontrollutvalet kom også med ein del tillegg på kulepunkta som også vart vedtekne.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet legg fram slik uttale til kommunestyret

1 Kontrollutvalet viser til revisjonsmelding for 2020 datert 15.04.2021.

2 Kontrollutvalet meiner at kommunen sin årsrekneskap kan godkjennast.

Årsrekneskapen viser:

- netto driftsresultat (overskot) på kr 21 643 391.
- Rekneskapen er sett saman av: balanse per 31.12.2020, oversikt over løyvingar til drift og investering, økonomisk oversikt drift, oversikt over samla budsjettavvik og årsoppgjersdisposisjonar og notar medrekna samandrag og viktige rekneskapsprinsipp.

3 Kontrollutvalet har ikkje merknadar til administrasjonen sin omtale av dei lovpålagde krava i årsmeldinga.

25/21 Vedtaksoppfølging

Vedtak:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

26/21 Saker til eventuell seinare behandling

Behandling:

Det kom ikkje fram opplysningar som gav høve til vedtak i saka.